

NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT

2017



● ●
/ /

**I ei tid kor faren
for å tenka kort er
overhengande, skal
me som forvaltar vår
felles hukommelse
tenka langt.**

FRÅ LEIARENS FRÅSEGN

/ /
● ●




NASJONALBIBLIOTEKET

ÅRSRAPPORT
2017



Likestilling 2017 – Kjønnsfordeling



Leiarstillingar



Andre stillingar



Nøkkeltal frå årsrekneskapen

| | 2015 | 2016 | 2017 |
|---------------------------|---------|---------|---------|
| Årsverk | 400 | 392 | 420 |
| Tildeling post 01–99* | 514,4 | 541 | 548 |
| Utnyttingsgrad post 01–29 | 97,46 % | 95,03 % | 96,23 % |
| Lønsdel | 51,38 % | 50,4 % | 53,52 % |
| Lønsutgifter per årsverk | 571 514 | 659 300 | 637 804 |
| Tildeling post 80 | 57,8 | 58,9 | 49,8 |

* Tala er eksklusive overføringar frå året før, post 80 og inntekter (Note A).



Innhold

| | | |
|----------------|---------------------------------------|-----------|
| Del I | Leiarens fråsegn | 5 |
| Del II | Introduksjon til verksemd og hovudtal | 9 |
| Del III | Aktivitetar og resultat i 2017 | 13 |
| Del IV | Styring og kontroll i verksemda | 27 |
| Del V | Vurdering av framtidsutsikter | 35 |
| Del VI | Årsrekneskap | 37 |



Verket *Traveling sun* av kunstnergruppa IstadPacini
ArtLab på Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

DEL I

LEIARENS FRÅSEGN

Me lever i ei brytningstid. Mykje av det som verka fast og uforanderleg for nokre tiår sida, er i ferd med å svinne bort eller er alle-reie historie. Me får ikkje vita kva som skjer i verda når me opnar avisa om morgonen, me sit ikkje samla framfor Dagsrevyen og ungane anar ikkje kva ein telefonkiosk vart brukt til. Den teknologien me ein gong kalla «data», så «internett» og så «digitalisering», endrar arbeidsprosessar, tenester og kommunikasjon overalt rundt oss. Det kan ofte kjennast som om ein blir sliten berre av å springa etter teknologien, anten det er det smarte fjernsynet heime eller det er dei nye data-systema på jobben ein skal få med seg, heller enn at me bruker han til sjølve å ta kontroll med utviklinga. Det blir ikkje lettare av at mobiltelefonen skifter grensesnitt kvart år, og at så vel nettavisene som jobbseminara i eit

sett fyllest opp med informasjon om kva som er nytt og kva som er mogleg og som ikkje var der i går.

I slike tider er det nasjonale institusjonar skal vise sin verdi. I ei tid kor faren for å tenka kort er overhengande, skal me som forvaltar vår felles hukommelse tenka langt. I ei tid kor det kan sjå ut som om det langsiktige mister sin verdi, må me tenka forbi forma me har hatt og sjå kva rolle me har spela, og kva rolle me kan spela når ting endrar seg. For tolv år sidan gjorde Nasjonalbiblioteket i Noreg det. To år før den første smarttelefonen kom i sal, la me ein enkel, men grensesprengande strategi. Den sa om lag det fylgjande:

I framtida vil folk forventa å finna kunnskapen dei treng på nett. Om vår samling skal vera relevant i framtida, må

me digitalisera heile samlinga og gjera han tilgjengeleg på nett. Om me skal få det til, må me byggja digitaliseringslinjer som set mengde før utplukk. Berre då kan me klara å digitalisera alt.

I 2017 såg me korleis det som den gangen var ein visjon, har blitt verkeleg. Bokhylla, digitaliseringa og tilgjenge for alle til alle bøker gjeve ut før år 2000 blei ferdig. 270 000 bøker kan no søkast og lesast av alle i Noreg. Nokre av dei har rett nok falle i det fri, og nokre få finn me enno som ikkje har funne vegen til skannerane våre i Rana, men i det store og heile er me ferdige. Og medan det er gjort, har me digitalisert 1,7 millionar avishefte, og 220 000 bøker som er gitt ut etter 2000. I 2017 har Noreg eit digitalt bibliotek som ingen andre i verda kan samanlikne seg med.

Denne satsinga syner korleis ein nasjonal institusjon kan tenke langsiktig også i ei tid kor alt endrar seg raskt. Me er stolte av det me har gjort, men ikkje nøgde. På alle felt freistar me å gjera det same me gjorde i 2017. Ikkje berre innafor det digitale, men i alt me gjer. Me freistar å byggja det Nasjonalbiblioteket Noreg treng i framtida. Det inneber å byggja nasjonal digital infrastruktur for biblioteka, laga eit felles søk, laga sams metadata og skapa det næraste me kjem til ein felles katalog over alt som finst for lånarane i Noreg, det vera seg forskarar eller vanlege borgarar. Me tek inn nye bibliotekenester, som Det fleirspråklege biblioteket som blei ein del av Nasjonalbiblioteket i 2017, og me tek ei tydeleg rolle i utviklinga av tenestene til folkebiblioteka over heile landet.

Samstundes veit me at hukommelsen har liten verdi om han ikkje nyttast, så også med den nasjonale hukommelsen. Frå 2014 til 2017 har me meir enn tredobla besøket på arrangement og utstillingar i huset vårt på Solli plass, samstundes som me har byrja å strøyma arrangementa

ut til folk i heile landet. Me gir ut bøker og anna materiale for å visa kva som finst i samlinga vår, og me har laga ei heilt ny teneste for det digitale biblioteket vårt. Alt dette gjer me for å gjera folk merksame på kva dei kan finna i samlinga til Nasjonalbiblioteket, kva dei kan henta fram av minnet. Også her har me i 2017 sett at strategien verkar: Sakte, men sikkert er det fleire som nyttar tenestene våre, fleire som vitjar huset vårt, og brukarundersøkinga vår syner òg at dei er særst nøgde med det dei finn.


Men me forvaltar ikkje berre gamal kunnskap, me bryt òg ny mark i det å skapa kunnskap. Stadig meir av forskinga som blir gjort i Noreg blir publisert på engelsk. Både norsk språk og forskinga på gamalt norsk materiale kan lida under denne utviklinga. Me har dei siste åra vald å ta eit skritt fram når andre tar eit skritt attende. Me forskar meir, skriv fleire vitskaplege artikkelar og set i gang store nye forskings- og utviklingsprosjekt knytte til innhaldet i samlinga vår. I Språkbanken byggjer me ei digital infrastruktur for forskning som kjem heile landet til gode. I 2017 blei Norsk lokalhistorisk institutt ein del av Nasjonalbiblioteket. Det gjer det mogleg for oss å styrka både forskinga og formidlinga til historikarar og slektsgranskarar i heile landet, og på sikt vil det også gjera oss i stand til å gi kontekst til endå meir av dei tekstane me tek vare på. Saman med det nye kartsenteret me byggjer på Ginsberg-samlinga, ei nærast komplett samling av kart av Noreg som me har fått i gåve frå Sparebankstiftelsen DNB, syner det kva slags institusjon me vil vera i framtida.

Det er tre grunnleggande føresetnader for alt arbeidet me gjer, det vera seg digitalisering, forskning eller formidling. Det eine er det grunnleggande arbeidet me gjer med å ta imot, samla og registrera alt materiale som er publisert for ei norsk offentlegheit. I 2017 har me byrja arbeidet med å innføra den nye pliktavleveringslova. Me

lagar eit system som blir banebrytande i verdsamanheng, kor me legg den digitale pliktavleveringa som struktur i botnen for alt arbeid. Samstundes byggjer me nye hallar i fjellet på Mo både for eige materiale og for Arkivverket. Me må samla alt, bevara det og kunne finna det att om me skal ta vare på minnet om samtida i framtida. Den andre føresetnaden er at me kjenner materialet vårt. Me må kjenna historia, materialet, de vera seg det skrivne ord, musikk, film, kringkasting, foto, trykk eller nett. Alt må me vita noko om, når me skal hjelpa forskarar, formidla til allmennheita eller forske sjølve. Og sist, men ikkje minst, så må me sjå oss sjølve som folkeopplysar.

Me lever i ei brytningstid, alt endrar seg raskt. Men rolla som folkeopplysar blir ikkje mindre, men meir viktig i slike tider. Me tenker nytt heile tida, men frå å tenka nytt må me tørre å tenka noko gamalt. At folket i landet vårt treng nasjonale institusjonar som byggjer framtida. Vår rolle er å bygga eit Nasjonalbibliotek som er ein folkeopplysningsinstitusjon for det 21. hundreåret.

Oslo, 15.03.2018



Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET

E. Korsmo

Unkrauttafeln - Weed plates - Planches des mauvaises herbes - Ugressplandsjer



Nr. 16. *Centaurea cyanus* L.

Kornblume - Cornflower - Centaurée bleuet, bleuet - Kornblom

„Edité par la Société Norvégienne de l'Azote" (Norsk Hydro)

Nr. 17. *Agrostemma githago* L.

Kornrade - Corn cockle - Nielle des blés - Klinte

K. Quelprud.

DEL II

INTRODUKSJON TIL VERKSEMD OG HOVUDTAL

Nasjonallbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltingsorgan som ligg under Kulturdepartementet.

Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i lov om pliktavlevering. I kraft av mandatet er Nasjonalbiblioteket ein viktig del av det felles minnet vårt. Nasjonalbiblioteket samlar inn, registrerer, tek vare på og gjer tilgjengeleg alt som blir publisert i Noreg. I tillegg har Nasjonalbiblioteket ansvaret for å utvikle ein nasjonal bibliotekpolitikk, og skal i tråd med bibliotekstrategien 2015–2018 syte for at dei norske biblioteka utviklar offentlege møteplassar og debattarenaer, slik det går fram av føremålsparagrafen i biblioteklova.

Nasjonallbiblioteket er òg infrastruktur for norske bibliotek gjennom tenester som utvikling og vedlikehald av biografiske standardar, nasjonalbibliografiar, depotbibliotek, digitale innhaldstenester og felles biblioteksøk.

Nasjonallbiblioteket er både infrastruktur for norsk forskning og godkjent som ein sjølvstendig forskingsinstitusjon. Ei norsk språkbankeneste til bruk i forskning og næringsverksemd høyrer òg til den faglege porteføljen.

Tildelingsbrevet for 2017 set to overordna mål for Nasjonalbiblioteket:

1. Sikre og ta vare på pliktavlevert materiale og andre samlingar, og arbeide aktive for å gjere samlingane og informasjonen om dei tilgjengeleg; og vera med på å utvikle folkebiblioteksektoren og lokalhistoriefeltet.
2. Vere med på å styrkje biblioteksektoren som aktiv formidlar av kunnskap og kulturarv, og leggje til rette for at folkebiblioteka blir aktuelle og ubundne møteplassar og arenaar for offentleg samtale og debatt.

Nasjonalbiblioteket er lokalisert i Oslo og i Mo i Rana. Det er til saman 420 årsverk i Nasjonalbiblioteket. Talet på tilsette er dela om lag likt mellom Oslo og Mo. Nasjonalbiblioteket er delt inn i tre store fagavdelingar med 100–140 tilsette, ei mindre fagavdeling med 13 tilsette og tre stabsavdelingar med 6–15 tilsette.

KOSTNADSREDUKSJONAR OG INNSPARINGAR

Nasjonalbiblioteket har i 2017 halde fram med å redusere faste kostnader til drift og løn. Lønsutgiftene i 2017 er 270 millionar, inkludert alle kostnader. Det er ein auke på 12 millionar frå 2016. Auken omfattar generell lønsvekst og ei tilføring av 20 nye årsverk, som kom med overføringa av Det fleispråklege biblioteket frå Deichman og samanslåinga med Norsk lokalhistorisk institutt. Korrigert for denne endringa syner tala at det er 20 færre tilsette ved Nasjonalbiblioteket ved utgangen av 2017 i høve til utgangen av 2014. Rekneskapen for faste utgifter viser at utgiftene til husleige og drift (i hovudsak elektrisitet) av Nasjonalbiblioteket auka med 5,9 millionar frå 2016 til 2017. Samstundes auka ikkje utgiftene til drifta elles. Dette er i røynda ein reduksjon av driftskostnadene, noko som er naudsynt for å svare på regjeringas årlege effektivitetskutt. Reduksjonen gjer at Nasjonalbiblioteket i 2017 må køyre delar av digitaliseringsprogrammet med auka risiko på grunn av utsett fornying av maskinparken.

OFFENTLEG/PRIVAT SAMARBEID OG SAMFINANSIERING

I 2016 fekk Nasjonalbiblioteket støtte frå Sparebankstiftelsen, Fritt Ord, Eckboes legat og ei ekstraordinær løyving frå kulturministeren til å etablere ei permanent utstilling. I 2017 tok Nasjonalbiblioteket imot den største gáva i moderne tid: Ginsberg-samlinga av kart som blei kjøpt av Sparebankstiftelsen og deponert

i Nasjonalbiblioteket. Gáva blei følgt opp av kulturministeren med ein rammeauke på tre millionar til å drive eit kartsenter som no er i ferd med å bli etablert i Nasjonalbiblioteket.


Samstundes blir det framleis arbeidd med samfinansieringsmodellar, knytte mellom anna til digitalisering av avismateriale og kringkastingsmateriale.

Sjølv om det blir kutta i ordinære budsjett, gjer alt dette at det er mogleg på kort sikt å halde oppe ambisjonane i satsinga på formidling og tenester til publikum.



↑ I avistenesten på nb.no var 1 037 000 digitaliserte aviser tilgjengelege i alle norske bibliotek ved utgangen av 2017.

ORGANISASJON



OPPGÅVER OG ROLLER

| Innsatsfaktorer og rammevilkår | Aktiviteter | Produkter og tjenester | Brukereffekter | Samfunnseffekter |
|---|---|---|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • 631 mill. kr • Lov om pliktavlevering • Biblioteklova | <ul style="list-style-type: none"> • Mottak av pliktavlevert og anna materiale • Kunnskaps-organisering • Digitalisering • Bevaring • Gjere materialet tilgjengeleg • Formidling • Forsking og utvikling (FoU) • Avklaring av rettar • Utvikling av tenester • Kunnskapsutvikling • Forvaltning av tilskot | <ul style="list-style-type: none"> • Nettbaserte bibliotektenester for alle medium • Norsk digital språkbank • Nasjonal-multigrafiar • Metadata og andre atffinningsverktøy • Depotbibliotek • Infrastruktur for forskning • Referansetenester, rådgjeving og kompetansedeling • Sikker langtidsbevaring av norsk kulturarv | <ul style="list-style-type: none"> • Enkel tilgang til kulturarven for alle • Forskarar og andre fagfolk finn og kan bruke kunnskaps-, språk- og kulturhistoria • Sterkare tilknytning til historia | <ul style="list-style-type: none"> • Identitet og tilknytning • Kunnskap, interesse og medvit om norsk kultur-, kunnskaps- og språkarv • Styrkje norsk offentlegheit og utvikle fellesarenaer for debatt • Gje enkel tilgang for alle til norsk publiseringshistorie og kulturliv |

RESSURSAR OG RESSURSBRUK

| NØKKELTAL FRÅ ÅRSREKNESKAPEN | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---------|---------|---------|
| Årsverk | 400 | 392 | 420 |
| Tildeling post 01–99. Tala er eksklusive overføringar frå året før, post 80 og inntekter (Note A) | 514,4 | 541 | 548 |
| Utnyttingsgrad post 01–29 | 97,46 % | 95,03 % | 96,23 % |
| Lønsdel | 51,38 % | 50,4 % | 53,52 % |
| Lønsutgifter per årsverk | 571 514 | 659 300 | 637 804 |
| Tildeling post 80 | 57,8 | 58,9 | 49,8 |



A. WERNER LITOKRA.

UTGITT VED FOLKEHELSEFORENINGEN OG LIVSFORSIKRINGSELSKAPET "LØVN" MITTET & CO., VUNSTFORLAG, KRISTIANIA

DEL III

AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2017

UTVIKLING AV SAMLINGA

2017 har Nasjonalbiblioteket auka kunnskapsbasen om den norske publiserte historia ved aktivt å supplere samlinga, og ved å katalogisere, registrere og gjere tilgjengeleg eldre materiale. Nasjonalbiblioteket har dokumentert året 2017 ved å ta vare på alt pliktavlevert materiale i eigne magasin, likeins digitalt materiale i digitalt sikringsmagasin. Alt materialet som blir teke imot er registrert og katalogisert for å gjere det lett å finne det og bruke det på ny, og det blir lagra for å ta vare på det i et tusenårsperspektiv.

Pliktavlevering av trykte bøker syner ein auke frå 2016, men for anna trykt materiale er det ein liten nedgang. Ca. 2500 domene blei regelmessig hausta frå .no, men frekvensen på innhaustinga blei justert noko ned. Jamført med 2016 gav dette totalt sett ein reduksjon i talet på filer, men utan tap av informasjonsinnhald. Gjennom 2017 blei det hausta inn ca. 2,4 milliardar filer. Sjå tabell med oversyn over avlevert materiale.

I 2017 kom det ein ny radiokanal, slik at ved utgangen av året blei det levert innhald frå 15 radiokanalar og 12 fjernsynskanalar.

I 2017 har Nasjonalbiblioteket fått i gåve ei rekkje samlingar, arkiv og enkeltdokument av stor kulturhistorisk verdi. Her skal særleg nemnast den store Ginsberg-samlinga med kart over Noreg og Norden, som Sparebankstiftelsen har kjøpt heim til Noreg og deponert i Nasjonalbiblioteket. Andre større samlingar er arkiv etter Warner Music, Oslo-Filharmonien og Nationaltheatret. Både privatarkiva og det pliktavleverte materialet blir gjort tilgjengeleg for forskning, dokumentasjon og det interesserte publikum, på nettet og på lesesalane.

Ved å utvikle og utvide samlinga har Nasjonalbiblioteket i 2017 tatt vare på det publiserte materialet og gjort ein større del av den felles historia vår tilgjengeleg for samtida og ettertida. Dette er blant dei viktigaste bidraga Nasjonalbiblioteket gjev til det norske samfunnet.

DIGITALISERING

I tillegg til å hauste inn og hente nytt materiale til samlinga, har Nasjonalbiblioteket gjort eldre delar av samlinga tilgjengeleg gjennom digitalisering, sjå tabell på side 22.

I 2017 avslutta Nasjonalbiblioteket satsinga på Bokhylla, som har ført til at over 270 000 bøker utgjevne før år 2000 no er tilgjengelege for alle norske IP-adresser. Dette er meir eller mindre alle bøkene som har kome ut i denne perioden. Ved utgangen av året var den samla bokdigitaliseringa på 522 625 bøker. Samstundes er tempoet i avisdigitaliseringa auka for at fleire norske

aviser skal bli tilgjengelege i biblioteka. Også for aviser ser Nasjonalbiblioteket no at det er mogleg å kome i mål med å digitalisere alt historisk materiale innan rimeleg tid. Meir effektive metodar for å registrere og digitalisere foto blei tekne i bruk, og volumet på digitaliseringa var meir enn fem gonger høgare i 2017 enn i 2016. Ved å digitalisere heile samlinga gjev Nasjonalbiblioteket det norske folket ein unik tilgang til eiga historie, kultur og identitet.

FORMIDLING

I 2017 har Nasjonalbiblioteket trappa opp formidlinga av den norske kulturarven til ålmenta endå meir. Føremålet



Nye, meir effektive metodar for å registrere og digitalisere foto blei tekne i bruk i 2017, til dømes på bildane i arkivet etter Bergens Tidende.

er å auke interessa for og kunnskapen om den publiserte historia, og å gjere Nasjonalbibliotekets samling og tenester betre kjende.


Hausten 2017 lanserte Nasjonalbiblioteket den nye versjonen av nb.no. Den gjev ein enklare og meir brukarvenleg tilgang til aviser og bøker, og er ei plattform som i 2018 blir utvikla vidare med dei andre medietypene. Som ein del av prosessen la me om statistikkføringane alt hausten 2016. Som i dei åtte åra før, har bruken av nettbiblioteket auka – i 2017 med 9,4 prosent. I avisstenesta som gjev tilgang til historiske avisarkiv i alle norske bibliotek, auka talet på digitale avishefte med 258 000 eksemplar.

I september 2017 var justeringane i huset på Solli plass ferdige, etter samarbeid med Byantikvaren. Resultatet er eit hus der dei opne publikumsområda er blitt fleire og betre lagde til rettes for å kunne røre seg fritt i kring. Der er no etablert ein kafé, og attåt har huset fått fleire arrangementslokale, der tilskipingane blir strøymde via nettsida nb.no. Slik kan kulturformidlinga nå ut til alle i heile landet. Etter nyopninga har det vore ein tydeleg vekst i bruken av bygninga, ikkje berre i kafeen og på arrangement, men òg på lesesalar, opne arbeidsområde og i talet på dei som vender seg til publikumstenesta.

Nasjonalbiblioteket har auka aktiviteten endå meir med arrangement og utstillingar på Solli plass i 2017. Resultatet for året er ein vesentleg vekst i publikumstala for arrangement og utstillingar, og større offentleg merksemd om Nasjonalbiblioteket.

Det var til saman ti utstillingar i 2017, med ein auke i publikumstalet på 33 prosent jamført med 2016, frå 12 425 til 16 519. Utstillingane varierte frå større hovudutstillingar til mindre utstillingar i dei opne publikumslokala, og to plakautstillingar for folkebiblioteka.

BESØKSTALL ARRANGEMENT, UTSTILLINGER OG OMVISNINGER



Besøkstall arrangement

Etter opninga av dei nye publikumsområda og kafeen, var det 25 % fleire besøk i Henrik Ibsens gate samanlikna med tala for 2016.

Talet på publikumsarrangement og fagseminar auka frå 148 i 2016 til 160 i 2017, med ein vekst i talet på besøkande på 47 prosent (frå 8796 til 12 933). I 2014 var det 3672 besøkande på arrangementa.

Veksten dei siste tre åra er dermed på 252 prosent.

I hovudutstillinga *Stumme filmspor* blei det til dømes vist filmar frå den norske stumfilmens fyrste tiår, medan framstillingar av skapingshistoria i Bibelen blei tematisert både gjennom utstilling og arrangement.

Alle former for verna materiale blir brukt i formidlinga gjennom publikumsarrangementa: film, musikk, språk, litteratur, brev, foto og illustrasjonar er berre nokre av elementa frå kulturarven som me kaster lys over, diskuterer og løfter fram. På utgjevingsfeltet skal særskilt

nemnast serien med brev frå Nasjonalbibliotekets samling, der dei to fyrste banda av i alt fire er utgjevne i 2017. Dette tar føre seg dei tidlegaste breva i samlingane – det fyrste frå 1378 – der det følgjer forteljande tekster frå forskingsbibliotekarar og eit rikt biletmateriale. Det er òg etablert ein krimklassikarserie. Føredragsserien *Fortidens folkelesning*, der ein forfattar av i dag les og kommenterer eit eldre forfattarskap som i si tid var verdsett og vidt lese, men som no er gløymt, er framleis publikumssuksessar både som arrangement og bokutgjeving.



← Frå feiringa av dei nye publikumsområda på Solli plass i september 2017.

I 2017 er òg arrangementa strøymde, og nokre opptak er lagde ut som podkast. Samla tal strøymingar og avspelingar av podkast for 2017 er på 16 000. Såleis når publikumsarrangementa på Solli plass ut til alle, same kvar i landet ein bur, og slik kjem samfunnsnyttan i formidlingsopdraget til uttrykk: ved å formidle den norske kulturarven til eit breitt publikum, aktiverer Nasjonalbiblioteket det felles minnet vårt og er dermed med på å leggje til rettes for offentleg samtale og ordskifte om den fjerne og nære historia vår.



FORSKING

Nasjonalbibliotekets viktigaste tilskot til norsk forskning er arbeidet me legg ned i å byggje opp og formidle analoge og digitale samlingar og tenester. Gjennom Språkbanken gjev me tilbod om tenester og språkkorpus som grunnlag for å utvikle ei digital humaniora-forskning i Noreg. Digitaliseringsprogrammet har gjeve forskarar i Noreg tilgang til eit enormt materiale å jobbe med. Nasjonalbibliotekets ulike fagavdelingar for musikk, film, privatarkiv, bøker, språk og privatarkiv er kontinuerleg til hjelp for forskarar med sin kunnskap om og kjennskap til samlinga. Til saman utgjer dette den infrastrukturen Nasjonalbiblioteket tilbyr norsk forskning. Dei fleste forskarar brukar no samlingane digitalt frå sine eigne kontor. I 2017 har likevel 76 165 besøkt lesesalane, og 15 739 har stilt spørsmål til rettleiingstesta vår.

I tillegg til å vere infrastruktur for forskarar og institusjonar, har Nasjonalbiblioteket dei siste åra styrkt rolla si som sjølvstendig forskingsinstitusjon, både i samarbeid med andre og på eigen kjøl. Nasjonalbiblioteket har aldri produsert så mykje eiga forskning og delteke i så mange forskingsprosjekt som i 2017.

I 2017 blei dei to store forskingsprosjekta *CLARINO* og *Landslovprosjektet* avslutta.

CLARINO-prosjektet er den norske delen av den europeiske forskingsinfrastrukturen *CLARIN*. Prosjektet har hjelpt fram ei viktig samordning og nettverksbygging mellom statleg forvaltning, forskingsmiljø og kommersielle aktørar på det språktechnologiske området. Målet har vore å kople saman språkressursar frå databasar og vitskaplege samlingar, slik at dei blir meir tilgjengelege for forskning og utvikling. Nasjonalbiblioteket har bidratt med å kople Språkbank-ressursane og andre

språkressursar, og med å yte kompetanse om metadata og digital bevaring til prosjektet.

Det tekstkritiske Landslovprosjektet er eit omfattande grunnforskningsarbeid, der ein har gått gjennom alle variantane av Magnus Lagabøtes landslov, og det er etablert ei tekstkritisk utgåve. Landslova var det fyrste lovverket som galdt for heile Noreg, og eit av dei fyrste døma på omfattande nasjonal lovgjeving frå ei sentralmakt i Europa. Utgåva skal publiserast i 2018, og legg eit presist og oppdatert grunnlag for vidare forskning på Landslova. Arbeidet er òg ein føresetnad for ein ålment tilgjengeleg norskspråkleg utgåve av Landslova. Det knyter seg stor forskings- og formidlingsinteresse til materialet, fram mot feiringa av 750-årsjubileet i 2024.

Av større pågåande forskingsprosjekt Nasjonalbiblioteket deltek i, er *The ALM-Field, Digitalization and the Public Sphere* (OsloMet) og *Digitization and Diversity* (BI). Bå

ligg under Forskningsrådets program KULMEDIA, som er initiert og finansiert av Kulturdepartementet.

I prosjektet *Digital corpus and dictionary of Norwegian Medieval Latin* (Vitskapsakademiet) er Nasjonalbiblioteket prosjektleiar, og for det bokhistoriske forskingsprosjektet som er med på å gje oppdatert kunnskap til 500-årsjubileet for den norske boka i 2019 – *Litterære verdsborgarar* – er Nasjonalbiblioteket prosjekteigar. I to andre prosjekt, *Data-Mining the Digital Bookshelf* (UiO) og *Health Communication Regimes*, er Nasjonalbiblioteket partner. Alle prosjekta har finansiering frå Noregs forskingsråd.

Kartsamling

I 2017 fekk Nasjonalbiblioteket den mest verdfulle gåva nokon gong: verdas største og mest systematisk oppbygde samling av kart over Noreg og nordområda. Samlinga er opparbeidd av amerikanaren William B.



Vitskaplege og faglege utgjevingar i 2017

Titlar i *Nota bene*-serien:

Reformasjonstidens religiøse bokkultur cirka 1400–1700: tekst, visualitet og materialitet, Bente Lavold og John Ødemark (red.)
Small Country, Long Journeys, Eirik Frisvold Hanssen og Maria Fosheim Lund (red.).

Titlar i NB tema-serien:

Musikk til Henrik Wergelands dikterverker, Kirsti Grinde og Anne Jorunn Kydland;
Musikk til Bjørnstjerne Bjørnsons dikterverker, Kirsti Grinde;
Musikk til Henrik Ibsens dikterverker, Kirsti Grinde.

Ginsberg, og kjøpet er finansiert av Sparebankstiftelsen DnB. Samlinga inneheld mellom anna det fyrste trykte kartet over Norden, og det fyrste trykte verdskartet der Noreg er teikna inn. Båe er frå 1482. Regjeringa følgde opp gáva med å auke rammetilskotet til Nasjonalbiblioteket med tre millionar kroner i året, for å byggje opp eit eige forskings- og formidlingscenter for kart.

Vitskaplege og faglege utgjevingar

I 2017 har Nasjonalbiblioteket satsa på å formidle meir av det faglege og vitskaplege arbeidet i institusjonen. Dette har ført til ei stor mengd utgjevingar: 20 vitskaplege artiklar, 2 vitskaplege antologiar, 1 doktorgradsavhandling, 50 fagartiklar og 14 fagbøker.

Alle dei tre fagskriftseriane som Nasjonalbiblioteket gjev ut (*Nota bene*, *NB kilder* og *NB tema*) er i dag «open access» og direkte og gratis tilgjengeleg. Slik støttar Nasjonalbiblioteket opp om satsinga frå regjeringa på open tilgang til forskingsresultat som er produsert med offentlig finansiering. Dei aller fleste utgjevingane blir publiserte på norsk, og er dermed viktige tilskot til norskspråkleg forskingsformidling og utvikling av norsk fagspråk.

Nasjonalbibliotekets vitskaplege skriftserie *Nota bene* blei relansert i 2017, med nytt design og på eige forlag. *Nota bene* er Nasjonalbibliotekets eigen formidlingskanal for forskingsresultat som byggjer på samlinga i biblioteket, og for forskning som er relevant for denne samlinga. Serien er godkjend som vitskapleg publiseringsskanal på nivå 1 av Det nasjonale publiseringssutvalet.

I 2017 etablerte Nasjonalbiblioteket òg ein heilt ny skriftserie, *NB tema*. Serien omfattar emne- og forfattarbibliografar, diskografar, biografar og andre oversyn, og gjev kvalitetssikra tematiske inngangar til

Nasjonalbibliotekets samling. Produksjonen av bøkene går føre seg på ein slik måte at det er lett å bruke materialet vidare i eit nytt prosjekt eller ei digital teneste.

Norsk lokalhistorisk institutt (NLI)

Norsk lokalhistorisk institutt blei ein del av Nasjonalbiblioteket frå og med 1. januar 2017. Gjennom året er rollene og formidlingskanalane som NLI hadde frå før, blitt vidareførde og utvikla meir. Det viktigaste har vore *Lokalhistoriewiki* og rolla som kompetansesenter og møteplass for lokalhistorikarar og slektsforskarar frå heile landet. Det er gjeve ut fire nummer av Lokalhistorisk magasin i samarbeid med Landslaget for lokalhistorie, og tilsette ved NB med tilknytning til NLI har vore med på ei rekkje forskingsprosjekt.

BIBLIOTEKUTVIKLING

Hausten 2015 la regjeringa fram *Nasjonal bibliotekstrategi* for perioden 2015–2018. Denne har vore utgangspunktet for arbeidet til Nasjonalbiblioteket med bibliotekutvikling gjennom heile 2017. Den nasjonale bibliotekstrategien inneheld 23 tiltak som skal gjennomførast i perioden. Det er sett i gang arbeid på alle punkta. I 2017 har ein prioritert å satse på folkebiblioteka som debatt- og læringsarena, møteplass og formidlingsinstitusjon, og på arbeidet med tenesta *Biblioteksøk* og levering av gratis metadata. Dette er store infrastrukturtiltak som vil prege biblioteka i åra framover.

Folkebiblioteksstatistikken for 2016 viser at det blei lånt 16,8 millionar bøker frå norske folkebibliotek. I 2018 var det om lag 47 000 arrangement i folkebiblioteka.

I samband med bibliotekstrategien har regjeringa gjennomført ei større satsing på nasjonal bibliotekutvikling, gjennom auka tippemidlar som er sette av til føremålet. Til saman 53 millionar kroner er dela ut i tråd med måla

i bibliotekstrategien, med vekt på felles infrastruktur for norske folkebibliotek og utvikling av biblioteka som arena for samtale, debatt og formidling, attåt ålmenn bibliotekutvikling.

Til saman 172 ulike bibliotekprosjekt fekk til saman 18 millionar til arenautvikling. Verknaden har vore ein markert oppgang i talet på opne arrangement og deltakarar på tilskippingane i norske folkebibliotek.

I 2017 blei det løyvt 18 millionar til 57 ulike nyskapande prosjekt- og utviklingstiltak i biblioteka. Det er stor breidde i dei prosjekta og det utviklingsarbeidet som

tek imot midlar. I november arrangerte Nasjonalbiblioteket Haakon Nyhus-seminaret, der seks svært ulike utviklingsprosjekt blei presenterte og strøymde direkte til heile landet. Sjå faktaboks.

Tre millionar kroner blei i 2017 sette av til kvardagsintegrering i folkebiblioteka, som er viktige møteplassar for folk med ulik kulturell bakgrunn. Mange bibliotek har tilbod om språkkafear, opplæring i nettbruk og offentlege tenester, leksehjelp osv., i samarbeid med friviljuge. Nasjonalbiblioteket har i utlysinga av arenamidlar og utviklingsmidlar støtta tiltak som fremmar kvardagsintegrering. I september arrangerte Buskerud fylkesbibliotek med støtte frå Nasjonalbiblioteket ein nasjonal konferanse om språkkafear i folkebibliotek. Etter konferansen gav fylkesbiblioteket ut eit idéhefte om korleis biblioteka kan arbeide med språkkafear.

Nasjonalbiblioteket forvaltar lov om folkebibliotek, og utfører statlege bibliotekoppgåver etter lova. Forvaltingsansvaret knyter seg til generell lovretteleing, særleg i samband med kompetansekravet og dispensasjon frå det. Det blei innvilga fem dispensasjonar frå kravet om bibliotekfagleg utdanning i biblioteklova § 5 i 2017. Det er det same som i 2016.

Prosjekt som blei presenterte på Haakon Nyhus-seminaret hausten 2017

- «Library-UX-I» som utviklar UX-metodikk og UX-verktøy for tenesteutvikling i bibliotek, som kan nyttast av heile biblioteksektoren.
- «NYSGJERRIG?», ein arrangementsserie med formidling av kunnskap og forskning til born/unge i fritida deira.
- «Webløft – bibliotekenes egen nettløsning»
- «Lettare litteraturnett» som er eit prosjekt der Sogn og Fjordane fylkesbibliotek og Nordland fylkesbibliotek utviklar ein metode for å byggje opp lokale litteraturnett på ein enkel måte.
- Samarbeidsprosjektet mellom bibliotek og næringsliv (BIBSAM) skal gje innbyggjarane bedte og utvida bibliotektenester, og auke bruken av biblioteket gjennom samarbeid med det private næringslivet.
- «Hvordan 1+1+1 = mer enn 3» blei sett i gang for å hjelpe og styrkje prosessen med samanslåing mellom biblioteka i kommunane Sandefjord, Stokke og Andebu, som gjekk saman og danna ein ny kommune frå 1. januar 2017.



↑ Tre millionar kroner blei i 2017 sette av til kvardagsintegrering i folkebiblioteka, og mange bibliotek har tilbod om språkkafear, opplæring i nettbruk og offentlege tenester og leksehjelp. Frå Bergen og Sølberget bibliotek.

UTVALDE NØKKELTAL

| UTVALDE DIGITALE TENESTER | 2015 | 2016 | 2017 | |
|---|-------------|-------------|-------------|------------------------------|
| Bøker på nb.no som er tilgjengelege gjennom Bokhylla-avtala | 202 000 | 218 000 | 240 000 | |
| Aviser tilgjengelege i alle norske bibliotek | 597 000 | 779 000 | 1 037 000 | |
| UTVALDE PRODUKSJONSTAL FRÅ DIGITALISERINGSPROGRAMMET | 2015 | 2016 | 2017 | MÅL 2018 |
| Bøker – tal i sider | 5 400 000 | 6 130 000 | 5 500 000 | 3 160 000 |
| Avisider | 3 750 000 | 4 500 000 | 4 600 000 | 5 700 000 |
| Foto | 49 000 | 50 000 | 287 000 | 360 000 |
| Tidsskrift – sider | 1 500 000 | 410 000 | 500 000 | 2 250 000 |
| Lyd frå truga format – (tal einingar) | 5200 | 4500 | 5 100 | 4 350 |
| Musikkarv – notemanuskript – sider | 29 000 | 26 000 | 18 000 | * |
| BESØK | 2015 | 2016 | 2017 | MÅL 2018 |
| Besøk på nb.no (nettbiblioteket) | 4 987 000 | 4 226 904** | 4 642 042 | Auke talet på besøk med 50 % |
| Totale tal for besøkande i Henrik Ibsens gate 110 | 166 204 | 164 290 | 174 875 | *** |
| Separate tal for besøkande til utstillingar og arrangement i Henrik Ibsens gate | 15 278 | 21 221 | 29 452 | Auke talet på besøk med 15 % |
| ARRANGEMENT OG UTSTILLINGAR | 2015 | 2016 | 2017 | |
| Arrangement i Henrik Ibsens gate 110 | 126 | 148 | 160 | |
| Utstillingar i Henrik Ibsens gate 110 og plakattstillingar for folkebibliotek | 4 | 10 | 10 | |

* Musikkarvprosjektet er avslutta i 2017, og det blir derfor ikkje sett måltal for 2018.

** Talet for 2016 kjem frå det nye verktøyet for å hente ut statistikk for nettrafikk, og kan samanliknast med 2017-tala. I årsrapporten for 2016 blei resultatet for besøk på nb.no (5 800 000) estimert ut frå eit eldre statistikkverktøy, med ein prosentvis lik vekst som den me hadde i dei fire siste månadene av året.

*** Ut frå satsinga på auka bruk av nb.no og fleire besøk til utstillingar og arrangement, er det ikkje sett måltal for det totale talet på besøk til Henrik Ibsens gate 110.

SAMLING PER 31.12.2017

| MATERIALTYPE | DIGITAL TILVEKST | DIGITAL SAMLING | ANALOG SAMLING | EINING | ANALOG TILVEKST |
|-----------------------------------|---------------------|--------------------|-------------------|-----------------|--------------------|
| Aviser | 356 348 | 1 645 114 | 5 580 784 | Hefte | 18 780 |
| Bilete | 287 155 | 1 089 635 | 2 218 885 | Tal | 111 743 |
| Bøker | 38 754 | 522 625 | 3 092 623 | Band | 165 601 |
| Handskrifter og notemanuskript | 57 267 | 683 830 | >16 000 00 | Sider | 250 |
| Film | 1 388 | 15 307 | 370 527 | Rull/kasset | 14 282 |
| Kart | - | - | 60 610 | Tall | 302 |
| Musikk/ lydopptak | 5 136 | 53 012 | 251 148 | Band, plater ol | 8 130 |
| Notetrykk | - | - | 80 502 | Tal | 644 |
| Plakatar | 1 089 | 15 688 | 129 189 | Tal | 2 441 |
| Postkort | - | - | 264 560 | Tal | 428 |
| Radio | 140 452 | 1 281 174 | 2 072 634 | Timar | 124 992 |
| Småtrykk | - | - | 2 714 958 | Tal | 34 652 |
| Tidsskrift | 2 626 | 20 721 | 4 758 470 | Hefte | 54 282 |
| Fjernsyn | 104 540 | 886 718 | 1 161 100 | Timar | 104 562 |

Denne tabellen omfattar alt registrert materiale, både norsk og utanlandsk. For nokre materialtypar er det fleire analoge eksemplar. Totaltalet viser dermed ikkje kor mange unike titlar Nasjonalbiblioteket eig.

RESULTAT OG MÅLOPPNÅING

Gjennomgåande har Nasjonalbiblioteket hatt god måloppnåing i 2017. Satsinga på formidling og på dei digitale tenestene har i 2017 slått ut i gode publikumstal og svært gode tilbakemeldingar i brukargranskinga. Ein har i hovudsak nådd måla for effektivitet i produksjon og digitalisering, og aktiviteten som forskingsinstitusjon har auka. Samstundes nyttar fleire forskarar Nasjonalbiblioteket, både fysisk og digitalt.

Der Nasjonalbiblioteket har opplevd dei største utfordringane, er på område som rører ved samhandlinga mellom dei ulike tenesteaktørane og biblioteksystema i Noreg. Utviklinga av *Biblioteksøk* og innføringa av felles gratis metadata for alle bibliotek har tatt lenger tid enn planlagt. Alle utfordringane er enno ikkje løyste, men dei blir følgde tett opp. Samstundes er heller ikkje alle problema som oppstod då det blei innført eit nytt biblioteksystem for Nasjonalbiblioteket og universitetsbiblioteka blitt løyste.

På same tid som Nasjonalbiblioteket har hatt svært god måloppnåing for planlagde aktivitatar, har institusjonen òg vore i stand til å ta på seg nye oppgåver. Ein har del- tatt i ei rekkje utviklingssamarbeid i Kulturdepartemen- tet, både knytte til Arkivverket, institusjonane i *Halv- broren* og til digitalisering av ABM-sektoren.

Dei nye institusjonane som blei ein del av NB i 2017,

Norsk lokalhistorisk institutt og Det fleirspråklege bibli- oteket, er blitt integrerte på ein god måte, og tenestene deira er sette i gang på planlagde tidspunkt. Nasjonal- bibliotekets medarbeidargranskning som blei gjennomført i 2017, syner òg at det høge aktivitetsnivået og endrings- prosessane er gjennomførde i ein institusjon der med- arbeidarane trivest, er stolte av arbeidsplassen og sam- handlar godt.

MODELL OVER HOVUDMÅL I OG HOVUDMÅL II MED RESULTATINDIKATORAR

HOVUDMÅL 1. NASJONALBIBLIOTEKET SKAL SIKRE OG TA VARE PÅ PLIKTAVLEVERT MATERIALE OG ANDRE SAMLINGAR, ARBEIDE AKTIVT FOR Å GJERE SAMLINGANE OG INFORMASJONEN OM DEI TILGJENGELEG, OG VERE MED PÅ Å UTVIKLE FOLKEBIBLIOTEKSEKTOREN OG LOKALHISTORIEFELTET.

| RESULTATMÅL TIL HOVUDMÅL 1 | RESULTATINDIKATOR/STYRINGSPARAMETER TIL HOVUDMÅL 1 | KOMMENTAR |
|--|--|--|
| 1. Nasjonalbiblioteket skal ta vare på og sikre for gjenbruk den publiserte norske kunnskaps- og kulturarven. | 1.1. Nasjonalbiblioteket skal samle inn, registrere og gjere tilgjenge- leg materiale som blir publisert for den norske ålmenta, uavhen- gig av medietype og teknologisk plattform. | Oppnådd |
| | 1.2. Nasjonalbiblioteket skal ta vare på sikringssamlinga etter meto- dar som er internasjonalt godkjende mot. klima og fysisk sikring. | Oppnådd |
| | 1.3. Nasjonalbiblioteket skal innan utgangen av 2017 ha etablert rammeverk og infrastruktur for brei hausting av «no-domenet». | Oppnådd 1) |
| | 1.4. Alt innhaldet på nb.no skal i fyrste halvår 2017 rettsmerkast for å sikre enkel gjenbruk. | Delvis oppnådd 2) |
| | 1.5. Nasjonalbiblioteket skal arbeide for å komplettere den historiske samlinga. | Oppnådd. Se omtale i rapporten under del II |
| | 1.6. Nasjonalbiblioteket skal som del av arbeidet med implemente- ring av endringa i pliktavleveringslova utarbeide metodikk for styrka avlevering av innhald publisert av minoritetsgrupper i det norske samfunnet. | Oppnådd 3) |
| 2. Nasjonalbiblioteket skal gjennom utvikling av nett- biblioteket og aktive formidlingsiltak styrkje interessa for og medvitet om kunnskaps- og kulturarven. | 2.1. Gjennom etablering av nytt nettbibliotek «nb.no» skal bruken i 2017 auke med 100 pst. | Ikkje opp- nådd 4) |
| | 2.2. Ved å leggje kulturkvartalet Solli Plass til rettes for det, skal besøk i 2017 vere 25 pst. større enn i 2016. | Oppnådd. Sjå omtale i kap. III |
| 3. Nasjonalbiblioteket skal gjennom samlinga, formidlingsverktøya og fagkompetansen vere kjelde og infrastruktur for forskning, så vel i eigen regi som for andre. | 3.1. Nasjonalbiblioteket skal i 2017 ha sett i gang arbeidet med eit sikkert digitalt rammeverk for forskings- og dokumentasjons- tilgang i UH-biblioteka og forskingsbiblioteka. | Oppnådd |

| | | |
|--|--|------------|
| 4. Nasjonalbiblioteket skal løyse oppgåvene sine på ein måte som kan måle seg i effektivitet med dei beste tilsvarende institusjonar internasjonalt. | 4.1. I 2017 skal Nasjonalbiblioteket samanlikne einingskostnader og resultat av massedigitalisering med 3 andre søsterinstitusjonar med massedigitaliseringsprogram. | Oppnådd 5) |
| | 4.2. Nasjonalbiblioteket skal i 2017 ha etablert eit regime for å måle ressursinnsats på områda mottak, registrering, klargjering, magasinering/lagring av pliktavlevert materiale. Føremålet er å etablere eit verkøy for ressursbruk og effektivitetsoppfølging. | Oppnådd 6) |

HOVUDMÅL 2. VERE MED PÅ Å STYRKJE BIBLIOTEKSEKTOREN SOM AKTIV FORMIDLAR AV KUNNSKAP OG KULTURARV, OG LEGGJE TIL RETTE FOR AT FOLKEBIBLIOTEKA BLIR AKTUELLE OG UBUNDNE MØTEPlassAR OG ARENAER FOR OFFENTLEG SAMTALE OG DEBATT.

| RESULTATMÅL TIL HOVUDMÅL 2 | RESULTATINDIKATOR/STYRINGSPARAMETER TIL HOVUDMÅL 2 | KOMMENTAR |
|--|---|--------------------------------|
| 1. Nasjonalbiblioteket skal vere med på å utvikle norske folkebibliotek som lokale kunnskaps- og kultursentrum, og utvikle nasjonal infrastruktur for biblioteksektoren. | 1.1. Alle tiltak i bibliotekstrategien skal setjast i verk i 2017. 20 skal være slutførte. | Oppnådd. Sjå omtale i kap. III |
| | 1.3. Nasjonalbiblioteket skal i 2017 ha utarbeidd eit opplegg for evaluering, slik at effektane av dei tildelte bibliotekutviklingsmidlane kan kartleggjast og etterprøvast når strategiperioden går ut i 2018. | Oppnådd 7) |
| | 1.4. Nasjonalbiblioteket skal i 2017 integrere Det fleirspråklege biblioteket i tenestetilbodet til folkebiblioteka, og skal stimulere til styrka innsats på kvardagsintegrering i folkebiblioteka. | Oppnådd 8) |

- 1) Rammeverket kom på plass i fjerde kvartal. Den fyrste innhaustinga starta opp i november. Føremålet var å teste ut innhaustingsverktøyet. Feil og manglar har blitt avdekte og retta i 4. kvartal. Brei innhausting vil ta til i 2018.
- 2) Merkinga blei knytt til dei nye nettsidene for å unngå dobbeltarbeid. Det er implementert i nye nb.no, men enno ikkje for alle materialtypar.
- 3) I 2017 er det utarbeidd ein metodikk som skal auka avleveringa av ålment tilgjengeleg materiale frå minoritetsgrupper i Noreg. Eit nøkkelelement i dette er tettare kontakt med organisasjonar og grupper som har eit breitt kontaktnett innanfor minoritetsmiljøa. Her vil Nasjonalbibliotekets nye medarbeidarar i Det fleirspråklege biblioteket vere sentrale. Innsamling av digitalt materiale og nettsider blir ein viktig del av arbeidet med å dokumentere desse områda. I samband med at ny pliktavleveringslov blir implementert, vil metodikken bli testa ut på dei største innvandrargruppene hausten 2018, og evaluert etter at fyrste runden er gjennomført.
- 4) Lanseringa av dei nye nettsidene blei utsett med eit drygt halvår. Med implementeringa av den nye tekniske plattformen blei òg statistikkgeneratoren skifta, noko som fører til at tala før og etter den nye plattformen ikkje kan samanliknast direkte. Sjå elles omtale under DEL III.
- 5) Nasjonalbiblioteket gjorde mot slutten av 2017 ein samanlikning «benchmarking» av kostnadsnivået på digitaliseringsaktiviteten. Dette blei gjort ved å samanlikne nivået med digitaliseringssentra til Nasjonalbiblioteket i Finland i Mikkel, Kongelige bibliotek i København og British Library. Fokuset var på digitalisering av bøker, aviser og foto. Jamføringa viser at på grunn av ein høg grad

- av automatisering held Nasjonalbiblioteket eit lågt kostnadsnivå, trass i at me gjennomgåande digitaliserer i høgare kvalitet, og trass i at me har høgare lønskostnader enn institusjonane me har samanlikna oss med. Granskinga peikar likevel på at nokre av dei andre institusjonane greier å ha lågare kostnader knytte til manuelle digitaliseringsmetodar. Sjølv om digitalisering med ein slik metode utgjer ein svært liten del av produksjonen vår, vil me analysere dette nærare for å sjå om me kan gjere grep for å bli meir effektive på desse områda. Granskinga syner òg at Nasjonalbiblioteket har høgare kostnader enn digitaliseringscenteret i København med å digitalisere foto frå filmstrips. Dette er ein heilt ny metodikk i Nasjonalbiblioteket, og me vil følgje opp området framover og jobbe for auke produktiviteten i arbeidet for å få ned kostnadene per foto.
- 6) Det er utarbeidd ein metodikk som identifiserer stega i desse arbeidsprosessane, og som kan nyttast til å måle utviklinga over tid. Fyrste målinga vil bli gjort i 1. kvartal 2018.
 - 7) Nasjonalbiblioteket har vedtatt at Nasjonal bibliotekstrategi skal evaluerast i tråd med reglane for evaluering av statlege verksemdar i statens økonomireglement for ekstern evaluering. Det endelege opplegget vil vere klart 1. juni 2018, slik at strategiane kan evaluerast når strategiperioden tek slutt.
 - 8) Det fleirspråklege biblioteket blei ein del av Nasjonalbiblioteket 1. januar 2017. I samarbeid mellom leverandøren og fleire avdelingar på Nasjonalbiblioteket blei det utvikla og tatt i bruk eit digitalt verkøy for å kunne levere bokpakker frå Depotbiblioteket i Mo i Rana. Denne tenesta var i drift som planlagt og kommunisert til biblioteka frå 1. mai 2017. Kvardagsintegrering har vore eit eige innsatsområde i tildelinga av midlar frå NB til biblioteka i 2017 (jf. omtale i DEL III).



↳ Thorbjørn Egner (1912–1990), 1947.

DEL IV

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Nasjonallbiblioteket brukar mål- og resultatstyring som det grunnleggjande styringsprinsippet i verksemda. Nasjonallbiblioteket viser til at den samla måloppnåinga er god.

Nasjonallbiblioteket gjennomfører risikoanalysar for handlingsplanen og for store satsingar. Det er eit overordna mål at det ikkje skal hefte vesentleg risiko knytt til samfunnsoppdraget. Den største utfordringa gjennom 2017 har vore i samband med nokre av dei større oppdraga i bibliotekstrategien, som biblioteksøk og gratis metadata til alle biblioteka. Leiargruppa i Nasjonallbiblioteket har følgd arbeidet på desse områda tett gjennom heile driftsåret.

Når det gjeld samfunnstryggleik og beredskap, baserer Nasjonallbiblioteket seg på det trugselbiletet som PST presenterer og dei analysane som PST og NSM gjer.

Nasjonallbiblioteket har òg i 2017 arbeidd med å setje i verk tiltak kring informasjonssikring i samsvar med planen verksemda har for informasjonstryggleik. Det er implementert ein intern prosess for å utvikle vidare system for internkontroll og risikostyring.

Det blir òg arbeidd med å utvikle ein ny modell for handlingsplanar. Gjennom året blir handlingsplanane reviderte og risikovurderte for å styrkje måloppnåinga. Ressursbruk og effektivitet blir følgd opp gjennom arbeidsplanar og produksjonsmål.

NÆRARE OMTALE AV STYRING OG KONTROLL

Intern økonomiinstruks og internt disponeringsskriv

Kvart år går Nasjonallbiblioteket detaljert gjennom budsjettet på alle nivå. Føringsane gjennom dei årlege

rammene for tildelingar, blir implementerte i planar og budsjett. Ved inngangen til året får den enkelte leiaren (avdelingsdirektør) tildelt rammer og fullmakter. Dette skjer gjennom Internt disponeringsskriv, som blir følgt opp gjennom månadlege rapporteringar.

Innkjøp

Nasjonalbiblioteket har revidert alle interne prosedyrar for innkjøp. Overgangen til nytt regelverk er implementert. Nasjonalbiblioteket har innført verksemds-spesifikke kontrollprosedyrar. Det vil mellom anna seie at alle større innkjøp blir kvalitetssikra av jurist og controller.

Innføring av standard kontoplan, ny økonomimodell og periodisert rekneskap

Vurderinga er at oppfølginga av rekneskapsrapporten gjev eit påliteleg nok grunnlag for styring og vedtak.

HMS / arbeidsmiljø

Nasjonalbiblioteket har ein svært stabil arbeidsstokk. Han er prega av at det er få som sluttar og høg gjennomsnittleg pensjonsalder (68,7 år). I 2017 har det òg blitt lagt vekt på å drive strategisk rekruttering, framfor berre å erstatte når tilsette sluttar i ulike stillingar.

I 2016 tok Nasjonalbiblioteket i bruk eit nytt biblioteksystem. Problem med implementeringa følgde med også inn i driftsåret 2017, og har i nokon grad påverka arbeidstilhøva og arbeidsmiljøet i delar av organisasjonen.

Nasjonalbiblioteket har også nokre arbeidsprosessar der det blir bruka kjemikalier med potensiell helseserisiko. I regi av AMU er risikoanalysen revidert og handlingsplanar og -kart er oppdaterte. Det er gjennomført pålagt oppfølging av risikoutsett personell i regi av bedriftshelsetenesta.



Medarbeidarundersøkinga i 2017

I 2017 blei DIFIs medarbeidarundersøking gjennomført i Nasjonalbiblioteket. Før nytta desse granskingane ein annan mal, og dermed er det ikkje mogleg å samanlikne den siste undersøkinga med tidlegare resultat for Nasjonalbiblioteket. I korte trekk viste undersøkinga ein organisasjon med stort engasjement og gjennomføringsevne, og som attpå til har ein god balanse mellom fritid og jobb, der folk har det bra saman med kollegaer og leiing. Samlerapporten blei presentert i eit fellesmøte for alle leiarar, tillitsvalde og medlemmer av AMU. I tillegg har kvar enkelt organisasjonseining gått gjennom resultatane, og utarbeidd ulike lokale betringstiltak på grunnlag av score og tilbakemeldingar. Vidare er nokre overordna tema særskilt følgde opp med felles målepunkt også i 2018.

| | TOTALT | | LEIARSTILLINGAR | | ANDRE STILLINGAR | |
|---|---------|---------|-----------------|---------|------------------|---------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Kjønnsfordeling – alle tilsette i % | 52,87 | 47,13 | 40,74 | 59,26 | 53,64 | 46,36 |
| Kjønnsfordeling alle heiltids-tilsette i % | 50,56 | 49,44 | 40,74 | 59,26 | 51,43 | 48,57 |
| Kjønnsfordeling alle deltidstiltsette i % | 82,76 | 17,24 | - | - | 82,76 | 17,24 |
| Gjennomsnittsløn i 1000 kr, fast tilsette eks sos kost. | 466 347 | 505 415 | 687 037 | 768 978 | 460 493 | 484 209 |

Likestilling

Det er ikkje sett i verk særskilte likestillingstiltak i rekneskapsåret. Nasjonalbiblioteket legg vekt på å oppfylle den pålagte aktivitetsplikta, og overvakar alle tilsetjingsprosessane ut frå lovpålagte krav og tilrådingar. Dette gjeld innanfor alle områda som er framheva i regelverket, mellom anna arbeid for å fremje jamstilling, inkludere funksjonshemma og hindre diskriminering av utsette grupper.

IA-avtalen og sjukefråvær

Sidan den fyrste IA-avtala blei innført, har Nasjonalbiblioteket vore oppteke av å følgje opp sjukefråværet. Då avtala blei implementert blei det sett eit maksimumsmål for sjukefråværet på 6,2 %. Frå 2016 til 2017 har sjukefråværet gått opp frå 5,8 % til 6,0 %. Oppgangen har vore i det eigenmelde fråværet. Det legemelde fråværet er uendra frå 2016, og enda på 3,8 % i 2017. Nasjonalbiblioteket er nøgd med at sjukefråværet for 2017 var 0,2 % lågare enn måltalet for året. Måltala for sjukefråvær vil bli vurderte i neste rapporteringsår med sikte på justering.

TILHØVE DEPARTEMENTET HAR BEDE NASJONALBIBLIOTEKET VERE SÆRLEG MERKSAM PÅ

Oppfølging av vesentlege tilhøve som Riksrevisjonen har peika på

Også i styringsdialogen for 2017 har departementet streka under kor viktig det er at Nasjonalbiblioteket syter for god informasjonstryggleik i verksemda. Nasjonalbiblioteket har via LISF («ledelsens informasjonssikkerhetsforum») sett ned ei eiga gruppe, ISF («informasjonssikkerhetsforum»), med oppgåve å sjå på tryggleiken i verksemda. Grappa følgjer opp leiingens tryggleiksplan innanfor informasjonstryggleik og fysisk sikring og rapporterer attende til leiinga. Eit særskilt viktig område for ISF er å kontrollere at oppmodinga frå Riksrevisjonen om informasjonstryggleik blir følgt opp.

Brukarundersøking i 2017

Nasjonalbiblioteket gjennomførte hausten 2017 ei omfattande brukarundersøking. Granskinga gjekk til fire sentrale målgrupper for Nasjonalbibliotekets

BRUKARANE AV NASJONALBIBLIOTEKETS TENESTER PÅ SOLLI PLOSS



aktivitetar og tilbod (besøkande og brukarar av tilboda på Solli plass, brukarar av det digitale biblioteket nb.no, forskarar og bibliotekleiarar), og i tillegg blei det gjort ei generell gransking med eit representativt vekta utval av personar (*omnibus*). Responsen frå alle brukargruppene har vore god, slik at resultatata må sjåast som statistisk sikre og representative.

Granskingane viste at folk jamt over er svært tilfredse med tilboda og tenestene i Nasjonalbiblioteket. Jamført med ei tilsvarande undersøking i 2013 dokumenterte granskinga òg at ein er *meir* tilfreds i 2017. Me vil trekke fram nokre enkeltfunn frå dei ulike områda:

- Ein aukande del av folket kjenner til Nasjonalbiblioteket og tenestene våre
- Fleire kjenner til bokhylla.no, og talet på dei som brukar tenesta har dobla seg frå 2013 og er no oppe i 7 %

- Ein aukande del brukar det digitale biblioteket til private føremål, og ein aukande del tykkjer der er enklare å finne fram til tenesta og bruke ho
- Blant forskarane er bruken av det digitale biblioteket tredobla sidan 2013, og 71 % er godt nøgde med tenestene til Nasjonalbiblioteket
- Brukarane av Nasjonalbibliotekets tenester på Solli plass er svært nøgde. 95 % rapporterer at dei er nøgde, og berre 2 % er misnøgde. Dette resultatet er i tråd med granskinga frå 2013. Det er dei yngste og eldste som er blitt meir nøgde
- Bibliotekleiarane er markert meir tilfredse med informasjon og tenester frå Nasjonalbiblioteket, jamført med 2013. Rundt 90 % rapporterer no at dei er nøgde; berre 2 % rapporterer misnøye.

Digitalisering og effektivisering (fellesføring i tildelingsbrevet)

Nasjonalbiblioteket har digitalisert og effektivisert tenester og arbeidsprosessar over lang tid, og i eit slikt omfang at digitaliseringa i dag er ein viktig og integrert del av verksemda og drifta vår.

Nb.no blei etablert som ein av dei fyrste nettstadene i det norske domenet i 1994 I 2003 blei Automatlager I, eit fullrobotisert bokmagasin med plass til 1,5 millionar bøker, teke i bruk. Magasinet fekk dobla kapasiteten til 3 millionar einingar i 2015, og er i dag det sentrale navet i det nasjonale fjernlånsystemet, inkludert det fleirspråklege lånetilbodet i norske bibliotek.

I perioden 2004 til 2006 reviderte Nasjonalbiblioteket den digitale strategien sin og sette i gang ein massedigitaliseringsprosess, med vedteken ambisjon om å digitalisere heile samlinga.

I dag er kring 30 % av den totale samlinga vår digitalisert. På grunnlag av denne samlinga er det etablert digitale bibliotektenester som er unike i verdssamanheng. Bokhylla.no gjev alle lesarar med norsk IP-adresse tilgang til å søkje, slå opp i og lese i fulltekst alle bøkene som er utgjevne i Noreg til og med år 2000. Gjennom avtaler med ei rekkje norske aviser er det tilsvarende tilgang til pressa i alle norske bibliotek. Ved siste årsskiftet utgjorde det digitale avistilbodet kring 30 % av dei norske historiske avisarkiva. Digitalisering av radioarkivet til NRK har sidan 2001 skjedd på grunnlag av ei avtale der partane delar kostnaden med arbeidet. All digitaliseringa blir gjort med så mykje automatisering som råd i alle produksjonsledda. I tillegg blir desse

prosessane samanlikna med det tilsvarende arbeidet i andre institusjonar.


Kontinuerleg effektivisering har gjort det mogleg å skaffe midlar til å starte og skalere opp massedigitaliseringsprogrammet (frå 2006), etablere ein avtale med Kopinor som gjev heile det norske folket tilgang til den samla norske bokarven (frå 2009), og dekkje inn husleiga til Automatlager II, utan ekstraordinære tilskot til driftsramma.

I tillegg til områda som er skildra innanfor kjerneverksemda til Nasjonalbiblioteket, vil me frå og med 2018 utføre oppgåver for Språkrådet og Norsk lyd- og



↑ Frå plukkenteret på Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.


DIGITALISERING AV SAMLINGA



I dag er kring 30 % av den totale samlinga vår digitalisert

Analog samling

Digital samling



blindeskriftbibliotek på området økonomi og personaltenester. Det viktigaste føremålet er å løfte kvaliteten på tenestene, men også over tid å kunne ta ut enkelte stor-driftsføremonar og redusere sårbarheit og risiko.

Fram mot 2022 skal det gjerast fleire større tiltak som effektiviserer kjerneverksemda i Nasjonalbiblioteket endå meir, gjennom digitalisering av arbeidsprosessar. Implementeringa av ny pliktavleveringslov vil føre til at Nasjonalbiblioteket tek imot digitale kopiar av alle analoge publikasjonar. Dette vil auke den samla materialmengda som skal handterast. Alt no blir det jobba med tiltak som skal sikre at ressursane for å greie dette i 2022 skal vera mindre enn i 2017. Det inneber mellom anna å lage heilt nye rutinar for mottak, kontroll og

oppfølging, registrering og handtering av materialet, og identifisering av oppgåver som kan automatiserast. Det er òg sett i gang eit prosjekt rundt maskinlæring (AI) der det blir testa ut nye måtar å handsame større materialmengder på, for at det skal bli lettare å finne att det ein søker.

Ein veit enno ikkje kor store verknadene av tiltaka vil bli, men alt i dag kan ein hente ein del av gevinsten ved at personell som sluttar innanfor dei gjeldande områda ikkje automatisk blir erstatta. På same måten som før vil ressursar som blir frigjorde systematisk bli sette inn på prioriterte område og arbeidsfelt, mellom anna digitalisering og formidling av samlinga digitalt og på Solli plass.





DEL V

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Nasjonallbiblioteket er rusta for vidare drift. Dei økonomiske rammene slik dei er tildelede over statsbudsjettet i 2018, gjer Nasjonalbiblioteket i stand til å oppfylle dei pliktene som er pålagde gjennom lov om pliktavlevering, tildelingsbrev og andre føringar frå Kulturdepartementet.

I åra som kjem vil Nasjonalbiblioteket ha hovudmerkesemda retta mot å implementere den nye pliktavleveringslova. Dette er ei omfattande og krevjande oppgåve, men når lova er fullt ut implementert, vil ho føre Noreg heilt i front internasjonalt når det gjeld å ta vare på den publiserte kulturarven i ein digital tidsalder. I tillegg vil satsinga på formidling både gjennom nb.no og på Solli plass viast stor merksemd.

Gjennom regjeringas bibliotekstrategi frå 2015 er det etablert eit samarbeid mellom biblioteksektoren og Nasjonalbiblioteket, som skal førast vidare i åre framover. Det er viktig at støtta frå tippemidlane, som utgjer rammevilkåra for den utviklingsprosessen biblioteka er

inne i, held fram etter at strategiperioden er slutt i 2018.

Eit vilkår for at Nasjonalbiblioteket skal kunne tilby tenester på same nivå som i dag, er at rammene slik dei er i 2018-budsjettet ikkje blir reduserte. Prosentvise driftskutt og manglande kompensasjon for husleige til nytt automatlager frå 2015, har ført til at det i dag er merkande færre stillingar ved Nasjonalbiblioteket enn for tre år sidan. Fram til i dag har skarpe prioreringar og auka effektivitet gjort det mogleg å handtere nedskjeringane, med berre mindre konsekvensar for satsingar og den daglege drifta. Dette vil ikkje vera mogleg i nye rundar, utan at det får konsekvensar for Nasjonalbibliotekets ambisjon om å utvikle seg i rolla som ein offensiv kunnskapsinstitusjon i den norske offentlegheita.

Samarbeidet om oppgaveløysing som i 2017 er innleidd med Arkivverket, Språkrådet og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, ser me på som starten på ein prosess der institusjonane kan nytte kompetansen og fagkunnskapen til kvarandre til å utvikle samarbeidet på fleire område i åra som kjem.



DEL VI

ÅRSREKNESKAP

KOMMENTARAR FRÅ LEIINGA TIL ÅRSREKNESKAPEN 2017

Føremål
Nasjonalbiblioteket er eit bruttofinansiert forvaltningsorgan underlagt Kulturdepartementet.

Mandatet til Nasjonalbiblioteket er forankra i lov om pliktavlevering. I kraft av mandatet er Nasjonalbiblioteket ein viktig del av det nasjonale minnet vårt, ved at det samlar inn, registrerer, tek vare på og formidlar alt som blir publisert i Noreg. I tillegg har Nasjonalbiblioteket ansvaret for å utvikle ein nasjonal bibliotekpolitikk, og skal gjennom dette syte for at norske bibliotek utviklar offentlege møteplassar og debattarenaer, i tråd med føremålsparagrafen i biblioteklova.

Nasjonalbiblioteket er òg infrastruktur for norske bibliotek gjennom tenester som utvikling og vedlikehald av bibliografiske standardar, nasjonalbiografiar, depotbibliotek og felles biblioteksøk. Nasjonalbiblioteket er

både infrastruktur for norsk forskning og godkjent som ein sjølvstendig forskingsinstitusjon. Ei norsk språkbankeneste, til bruk i forskning og næringsverksemd, høyrer òg til den faglege porteføljen.

Nasjonalbiblioteket fører rekneskapen etter ny, statleg rekneskapsstandard (SRS). I tillegg følgjer ein kontantprinsippet.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med reglar om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gjev eit dekkande bilete av dei disponible løyvingane i verksemda, rekneskapsførde kostnader, inntekter, eigendelar og gjeld.

VURDERING AV VESENTLEGE TILHØVE

Oppstilling av løyvsrapportering for rekneskapsåret 2017

Løyvsrapporteringa syner at dei samla løyvingane i 2017 har vore 630,6 mill. kr. Av desse høyrer 49,8 mill. kr

til post 80, og 32,6 mill. kr er investeringar.

I tillegg er det løyvt inntil 15,5 mill. kr på post 21. Dette er midlar som kan nyttast til å utvikle og drive fellestenester og felles infrastruktur på oppdrag frå departementet.

Verksemda er tilpassa tildela løyvingar, og den rekneskapsmessige statusen er følgd opp kontinuerleg med rapportering frå avdelingane og oversyn over interne budsjettdisposisjonar. Etter den periodiserte rekneskapan (sjå resultatoppstilling og balanseoppstilling) er årets resultat på 0 mill. kroner.

Det blei i 2017 løyvt 49,8 mill. kr til post 80. Heile løyvinga er brukt.

For rekneskapsåret blei det tildelt 48,5 mill. kr i satsingsmidlar – spelemidlar. Av desse er 4,8 mill. kr bruka til å administrere ordninga – hovudsakeleg lønsmidlar til sakshandsaming i samband med tildelingar. Det er bruka midlar til å utvikle søknadsportalen vidare, og til administrative kostnader innanfor rekneskap og revisjon.

Oppstilling av løyvingsrapport for 2017

Rapporten er ei oppstilling av rørsler i kontantrekneskapan, og syner at utgiftene til drift og investeringar summerte seg til høvesvis 515,2 mill. kr og 26,7 mill. kr, medan netto rapportert sum til løyvingsrekneskapan er 571,4 mill. kr. Frå rekneskapsåret 2017 er det for post 01 søkt om å overføre 20,7 mill. kr, mot 22,7 mill. kr for 2016.

Forklaringa på mindreforbruket er ekstraordinære inntekter i 2016 (4,5 mill.kr) som er knytte til fleirårige prosjekt, der kostnadene fyrst kjem i 2018. Vidare har det vore lagt stor vekt på kostnadskontroll i driftsåret.

For post 45 er det søkt om å overføre 5,8 mill. kr til rekneskapsåret 2018. Dette er midlar som var avsett til

to prosjekt i 2017. Dei blei utsette som følge av vedtak om å byggje nye fjellhallar, og behovet for samordning med desse tiltaka.

Det mellomverande med statskassa utgjorde ÷ 10,6 mill. kr i 2016, mot ÷ 9,4 mill. kr i 2015. I hovudsak er dette 9,2 mill. kr i skuldig skattetrekk, og 1,5 mill. kr i skuldige andre offentlege avgifter.

Annan rekneskap for verksemda

Den bokførde verdien av varige driftsmiddel medrekna immaterielle eigendelar er redusert med 3,1 mill. kr frå 2016, og var på 66,8 mill. kr då året 2017 gjekk ut. Nærare informasjon om tilgangar og avskrivningar for varige driftsmiddel ex immaterielle postar går fram av notane 3 og 4.

Omløpsmidlane er reduserte med 1,3 mill. kr frå 2016. Sjå spesifikasjon med forklaring i note 12, 13, 14 og 15.

Det er sett av 0,89 mill. kr til venta tap på krav, etter ei vurdering av fordringsmassen. Dette er uendra frå 2017 og basert på ei vurdering av krava.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og godkjenner årsrekneskapan for Nasjonalbiblioteket. Årsrekneskapan er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsmeldinga er venta å liggje føre i 1. tertial 2018. Rapporten er unntaken offentlig innsyn fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Oslo, 15.03.2018

Aslak Sira Myhre

DIREKTØR, NASJONALBIBLIOTEKET

PRINSIPPNOTE TIL ÅRSREKNEKAPEN FOR NASJONALBIBLIOTEKET

Årsrekneskapen for Nasjonalbiblioteket er utarbeidd og avlagd etter nærare retningsliner fastsette i reglane om økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå KUD i instruks om økonomistyring.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapportering og ein nedre del som syner summane NB står oppført med i kapitalrekneskapen.

Oppstilling av artskontorrapporteringa har ein øvre del som syner kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, ein midtre del som omfattar tilskotsforvaltning og ein nedre del som viser grupper av kontoar som går inn i mellomverande med statskassa.

Oppstillinga av artskontorrapporteringa og løyvingsrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i reglane om korleis NB skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlina «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i båe oppstillingane.

På line med alle statlege verksemdar er NB knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank, i samsvare med krav i reglement for økonomistyring i staten pkt. 3.7.1. NB får ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgangen til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingsrapportering

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen. Den er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som NB har fullmakt til å disponere.

Oppstillinga viser alle finansielle eigendelar og plikter NB står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen Samla tildeling syner kva NB har fått stilt til rådvelde i tildelingsbrevet med tillegg, saman med overførte midlar frå rekneskapsåret 2016, for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapportering

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Nasjonalbiblioteket har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 7 til artskontorrapporteringa viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa.

PRINSIPPNOTE II TIL ÅRSREKNEKAPEN FOR NASJONALBIBLIOTEKET

Rapportering etter verksemdsrekneskap

Prinsippet for inntektsføring blei endra i SRS for 2016. Dette fører til at resultatet for driftsåret blir kr 0.

Frå og med 2016-rekneskapen blei dei statlege SRS-ane endra slik at det blei høve til å føre inntekt frå løyving etter prinsippet om motsett samanstilling òg ved slutten av året. Nasjonalbiblioteket har nytta seg av dette prinsippet frå 2016, noko som fører til at resultatet i 2017 blir 0. Det var altså ikkje høve til å føre inntekt frå løyving etter motsett samanstilling ved årsslutt før rekneskapsåret 2016.

Elementa i resultat- og balanserekneskapen er nærare spesifiserte i notane 1-16.

Opningsbalanse

Utarbeidinga av opningsbalansen legg til grunn at bruksverdien tufta på gjenkjøps-verdi representerer verdien for fysiske eigendelar, medan verkeleg verdi blir nytta når det gjeld finansielle eigendelar. Fastsettinga av gjenkjøpsverdien tek omsyn til slitasje og elde, teknisk funksjonell standard og andre tilhøve som har noko å seie for verdifastsettinga.

Alle immaterielle eigendelar og varige driftsmiddel er dokumenterte med tilvising til kjøpsdokument relaterte til faktura- eller vedleggsnummer. Unnataket er delar av kontorinventaret, som dels er rekna ut sjablongmessig og dels med tilhøyrande dokumentasjon/forklaring.

Finansieringa av anleggsmidlar (eksklusive finansielle anleggsmidlar) som blei inkluderte i opningsbalansen for fyrste gong, blei klassifisert som ei langsiktig plikt. Denne plikta blir løyst opp i takt med avskrivninga av dei anleggsmidlane som finansieringa dekkjer.

For omløpsmidlane blei verkeleg verdi nytta som grunnlag for verdsettinga. Omløpsmidlar, trekte frå kortsiktig gjeld og eventuelle andre plikter, kjem fram som avrekning med statskassa.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar er resultatførde til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

Inntekter frå løyvingfinansierte aktivitetar

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Nasjonalbiblioteket har rapportert til statsrekneskapen. Den er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen som Nasjonalbiblioteket har til fullmakt å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigendelar og plikter Nasjonalbiblioteket står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Løyvingar blir førde til inntekt i den perioden når aktiviteten som løyvinga er meint å finansiere er utført, det vil seie i den perioden kostnadane kjem til. Når årsrekneskapen blir lagt fram, er den endelege løyvinga til drift inntektsført i dette året. Endeleg løyving til drift svarar til løyvingar i året. Unytta løyving som ikkje kan overførast til neste rekneskapsår, er ikkje inntektsført.

Investeringsløyvingar er førde på rekneskapslina *Ikkje inntektsført løyving*, knytt til anleggsmidlar i balansen med den summen som faktisk er investert i rekneskapsperioden. Investeringsløyvingar som kan overførast blir ikkje inntektsførde. Inntektsføring av investeringsløyvingar har skjedd i takt med avskrivningane av anleggsmidlane.

Kostnader

Kostnader som blir finansierte gjennom løyvingar, er rekneskapsførde i den perioden når dei aktivitetane er utførde som løyvingane er meint å finansiere. Unnataket er lisensar som blir betalte på forskot. Verksemda betalar fleire lisensar og abonnement der ein må rekne med at kostnaden er betalt på førehand i samsvar med tinginga.

Pensjonar

SRS 25 legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Derfor er det ikkje gjort utreknningar eller avsettingar for eventuell over-/underdekking i pensjonsordninga som svarar til NRS6. Pensjonskostnaden i året svarar derfor til årleg premiesum til Statens pensjonskasse (SPK).

Forsikringar

Nasjonalbiblioteket blei som følge av prinsippet om staten som sjølvassurandør ikkje pålagt å dekkje premiar i 2017.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som

forfell til betaling innan eitt år etter innkjøpstidspunktet, og postar som knyter seg til varekrinsløpet. Dei andre postane er klassifiserte som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er sette til det lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominell sum på opptakstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskost, med frådrag for avskrivningar og nedskrivne til verkeleg verdi ved eventuell bruksendring. I samsvar med SRS-ane skal aktivering av anleggsmidlar (immaterielle og varige) og avskrivningar på desse, periodiserast på månadsbasis.

Immaterielle eigendelar

Eksternt innkjøpte immaterielle eigendelar er balanseførde.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseførde og blir avskrivne over den økonomiske levetida til driftsmidlane.

FINANSIERING AV PERIODISERTE POSTAR

Omløpsmidlar / kortsiktig gjeld

For Nasjonalbiblioteket gjeld: Nettobeløpet av alle balansepostar, med unnatak av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar, har motpost i avrekning med statskassa. Avrekninga gjev såleis eit uttrykk for statens eigarkapital når det gjeld kortsiktige postar og eventuelle finansielle anleggsmidlar.

Anleggsmidlar

Balanseført verdi av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar har motpost i rekneskapslina *Ikkje inntektsført løyving* knytt til anleggsmidlar. Dette representerer finansieringa av desse anleggsmidlane. Ved tilgang av immaterielle eigendelar og varige driftsmidlar er innkjøpskostnaden balanseført. Samstundes har

innkjøpskostnaden gått til reduksjon av resultatposten *Inntekt frå løyvingar* og til auke av balanseposten *Ikkje inntektsført løyving* knytt til anleggsmidlar.

Avskrivning av anleggsmidlar er kostnadsført. I takt med gjennomført avskrivning er ein tilsvarende sum inntektsført under *Inntekt frå løyving*. Dette er gjort ved at finansieringsposten *Ikkje inntektsført løyving* knytt til anleggsmidlar er løyst opp i takt med at anleggsmidlen er bruka i verksemda. *Konsekvensen av dette er at avskrivningane har ein resultatnøytral verknad.*

Ved realisasjon/avgang av driftsmidlar er gevinst/tap resultatført rekneskapsmessig. Gevinst/tap er utrekna som skilnaden mellom salsvederlaget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet. Resterande bokført verdi av *Ikkje inntektsført løyving* knytt til anleggsmiddelet på realisasjonstidspunktet, er inntektsført.

Fordringar

Kundefordringar og andre krav er oppførde i balansen til pålydande. Avsetting til tap skjer på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte krava. Når det gjeld kundefordringar kan det i tillegg gjerast ei uspesifisert avsetting for å dekkje venta tap. Det er sett av 0,89 mill. kr til venta tap på fordringar i 2016. Fordringane er følgde gjennom 2017. Det har ikkje vore rørsle på posten, og kravet vil dermed framleis stå ved lag, sjå note 13 Kundefordringar.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er sette til gjeldande kurs når rekneskapsåret er slutt. Her er lagt til grunn den daglege spotkursen frå Noregs Bank.

Sjølvassurandørprinsipp

Staten opererer som sjølvassurandør. Det er følgjeleg ikkje inkludert postar i balanse- eller resultatrekneskapskapen som

søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller -plikter.

Statens konsernkontoordning

Nasjonalbiblioteket er omfatta av statens konsernkontoordning. Det vil seie at alle innbetalningar og utbetalningar blir oppgjorde dagleg mot oppgjerskontoane våre i Noregs Bank.

Nasjonalbiblioteket blir ikkje tilført likvide midlar gjennom året. Nasjonalbiblioteket har ein trekk-rett på konsernkonto som svarar til netto løyving. Skilnaden mellom inntektsført løyving og netto trekk på konsernkontoen går inn i avrekninga med statskassa. Ved slutten av året gjeld særskilte reglar for oppgjør/overføring av mellomverande. For Nasjonalbiblioteket blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen i Noregs Bank nullstilt når ein går over til nytt rekneskapsår.

For tabellar med oversyn over rekneskap og notar, sjå vedlegg 1.

- I 2017 fekk Nasjonalbiblioteket den mest verdfulle gáva nokon gong: verdas største og mest systematisk oppbygde samling av kart over Noreg og nordområda. Samlinga er opparbeidd av amerikanaren William B. Ginsberg, og kjøpet er finansiert av Sparebankstiftelsen DnB.





VEDLEGG 1

OPPSTILLING AV BEVILGNINGSRAPPORTERING 31.12.2017

| UTGIFTS- KAPITTEL | KAPITTELNAVN | POST | POSTTEKST | NOTE | SAMLET TILDELING* | REGNSKAP 2017 | MERUTGIFT(-) OG MINDREUTGIFT |
|------------------------|---------------------------------------|------|-----------|------|----------------------|---------------|---------------------------------|
| 0326 | Driftsutgifter | 01 | | | 532 755 000 | 515 150 940 | 17 604 060 |
| 0326 | SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER | 21 | | | 15 499 000 | 10 890 497 | 4 608 503 |
| 0326 | Større anskaffelser og vedlikehold | 45 | | | 32 620 000 | 26 724 045 | 5 895 955 |
| 0326 | Tillskuddsforvaltning | 80 | | | 49 750 000 | 49 739 422 | 10 578 |
| 1633 | Nettoordning for mva i staten | 01 | | | 0 | 26 432 198 | |
| <i>Sum utgiftsført</i> | | | | | 630 624 000 | 628 937 102 | |

| INNETKTS- KAPITTEL | KAPITTELNAVN | POST | POSTTEKST | NOTE | SAMLET TILDELING* | REGNSKAP 2017 | MERINNTEKT OG MINDREINNTEKT(-) |
|-------------------------|-------------------------|------|-----------|------|----------------------|---------------|-----------------------------------|
| 3326 | Ymse inntekter | 01 | | | 17 771 000 | 20 839 435 | 3 068 435 |
| 3326 | Inntekter ved oppdrag | 02 | | | 15 029 000 | 12 606 625 | -2 422 375 |
| 5309 | Tilfeldige inntekter | 29 | | | 0 | 587 265 | |
| 5700 | Arbeidsgiveravgift, SLP | 72 | | | 0 | 23 464 397 | |
| <i>Sum inntektsført</i> | | | | | 32 800 000 | 57 497 722 | |

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet**571 439 379**

KAPITALKONTOER

| | | | | | | | |
|-----------------------|--|--|--|--|--|--------------|--|
| 60074901 | Norges Bank KK / innbetalinger | | | | | 41 938 847 | |
| 60074902 | Norges Bank KK/ utbetalinger | | | | | -612 227 255 | |
| 703821 | Endring i mellomværen- de med statskassen | | | | | -1 150 971 | |
| <i>Sum rapportert</i> | | | | | | 0 | |

BEHOLDNINGER RAPPORTERT TIL KAPITALREGNSKAPET (31.12)

31.12.2017

31.12.2016

ENDRING

| | | | | |
|--------|----------------------------------|-------------|------------|------------|
| 703821 | Mellomværende med statskassen | -10 578 472 | -9 427 501 | -1 150 971 |
|--------|----------------------------------|-------------|------------|------------|

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

NOTE A FORKLARING AV SAMLET TILDELING UTGIFTER

| KAPITTEL OG POST | OVERFØRT FRA I FJOR | ÅRETS TILDELINGER | SAMLET TILDELING |
|------------------|---------------------|-------------------|------------------|
| 032601 | 22 783 000 | 509 972 000 | 532 755 000 |
| 032645 | 9 775 000 | 22 845 000 | 32 620 000 |
| 032680 | | 49 750 000 | 49 750 000 |
| 032621 | 500 000 | 14 999 000 | 15 499 000 |
| 332.621 | | -15 029 000 | -15 029 000 |
| 332.601 | | -17 770 000 | -17 770 000 |

NOTE B FORKLARING TIL BRUKTE FULLMAKTER OG BEREKNING AV MULIG OVERFØRBART BELØP TIL NESTE ÅR

| KAPITTEL OG POST | 032601 | 032621 | 332.601 | 332.621 | 032645 |
|---|-----------------------------------|-----------------------------------|-----------------------------------|-----------------|------------------------------------|
| STIKKORD | Driftsutgifter | Spesielle driftsutgifter | Driftsinntekter | Driftsinntekter | Større Anskaffelser og vedlikehold |
| MERUTGIFT(-)/ MINDRE UTGIFT | 17 604 060 | 4 608 503 | -3 068 436 | -2 422 375 | 5 895 955 |
| UTGIFTSFØRT AV ANDRE IHT. AVGITTE BELASTNINGS-FULLMAKTER(-) | | | | | |
| MERUTGIFT(-)/ MINDREUTGIFT ETTER AVGITTE BELASTNINGS-FULLMAKTER | 17 604 060 | 4 608 503 | -3 068 436 | -2 422 375 | 5 895 955 |
| MERINNTEKTER/ MINDREINNTEKTER(-) IHT. MERINNTEKTSFULLMAKT | | | | | |
| OMDISPONERING FRA POST 01 TIL 45 ELLER TIL POST 01/21 FRA NESTE ÅRS BEVILGNING | | | | | |
| INNSPARINGER | | | | | |
| SUM GRUNNLAG FOR OVERFØRING | 20 672 496 | 4 608 503 | -3 068 436 | -2 422 375 | 5 895 955 |
| MAKS. OVERFØRBART BELØP* | [5 % av årets tildeling i note A] | [5 % av årets tildeling i note A] | [5 % av årets tildeling i note A] | | [Sum årets og fjorårets tildeling] |
| MULIG OVERFØRBART BELØP BEREKNET AV VIRKSOMHETEN | 20 672 496 | 774 950 | | | |

*Maksimalt beløp som kan overføres, er 5 % av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet «kan overføres». Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Forklaring til bruk av budsjetfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

Nasjonalbiblioteket har betalingsfullmakt for mva. jf. nettoføringsordningen for merverdiavgift. Det ble benyttet 26 432 198 i 2017.

Stikkordet «kan overføres»

Virksomhetens bevilgning på kapittel/post 032645 er gitt med stikkordet «kan overføres». Beløpet stammer fra tildelingen innenfor de to siste budsjettår og virksomheten lar beløpet fremgå som en del av mulig overførbare beløp.
